

Naturvernforbundet Hordaland si årsmelding for 2021

Korona-pandemien sette sitt preg på 2021 også, men trass i restriksjonar og nedsteningar har me også dette året halde eit høgt aktivitetsnivå i Naturvernforbundet Hordaland. Me har gjennomført digitale medlemsmøter, føredrag, og digitalt årsmøte. Me har hatt bybanemarsj, målt myrar i Hordfast-traseen, gjennomført valdebattar, rydda plast, hatt dugnadar mot skadelege treslag i kystlynghei, etablert blomstereng på Storetveitmarken, skrive ei rekke uttalar og fått oppslag i media.

Me hadde 3745 medlemmar per 31.12.2021. På same tid i 2020 hadde me 3571 medlemmar, altså ein medlemsvekst på nesten 5%. Fylkeslaget ligg jamt på ca. 10% av medlemsmassen til Naturvernforbundet. Me har lokallag i Bergen, Askøy, Nordhordland, Voss, Kvam, Kvinnherad og på Stord, og me har studentlaget Naturvernstudentane i Bergen. Mot slutten av året har me gjort eit forarbeid for å stifte lokallag i Ullensvang, mellom anna etter initiativ frå lokallaget i Kvam. Me har i 2021 hatt to aktive faggrupper, Klima- og transportgruppa og Naturmangfaldsgruppa.

Denne årsmeldinga er ikkje ein uttømande oversikt over alt me har gjort i 2021, men ei oppsummering der me trekker fram nokre av dei viktigaste aktivitetane.



Frå bybanemarsjen frå Åsane til sentrum 4. september

Frå valdebatten på Litteraturhuset 19. august:

«Er naturen verdiløs når motorveien skal frem?»



Styret

Verv	Namn	Andre verv/rollar
Leiar	Gabriel Fliflet	Styreutvalet Klima- og transportgruppa
Nestleiar	Tom Skauge	Styreutvalet
Nestleiar økonomi	Knut Espelid	Styreutvalet Landsstyrerepresentant
Styremedlem	Grete Ingebrigtsen	Styreutvalet Klima- og transportgruppa
Styremedlem	Tone Salomonsen	Vara til landsstyret
Styremedlem	Bård S. Larsen	Nasjonal energi arbeidsgruppe Klima- og transportgruppa
Styremedlem	William Helland-Hansen	Klima- og transportgruppa
Styremedlem	Tonje Sæther	Leiar i Naturvernstudentane
Styremedlem frå NU	Ada Ada Amilia Skjensvold	Leiar Vestland Natur og Ungdom
1. varamedlem	Oddvar Soldal	Naturvernforbundet i Kvam Med i det faglege rådet for Folgefonna nasjonalpark
2. varamedlem	Anne Gilde	Klima- og transportgruppa
3. varamedlem	Hallvard Birkeland	Leiar Naturvernforbundet i Bergen Klima- og transportgruppa Representerer NVH i Klimaopprøret


Tilsette og praksisstudentar

Stilling	Navn	
Fylkessekretær	Synnøve Kvamme	100% fast stilling til og med 24. april, deretter 80%, då ho vart valt til nestleiar i Naturvernforbundet nasjonalt og frikjøpt 20%. Representerer NVH i: - Forum for Natur og Friluftsliv Hordaland (styremedlem) - Samarbeidsalliansen "Arven etter plasthvalen" - Stiftinga Loofts gave
Prosjektansvarleg <i>Energismart og Ta vare på det du har</i>	Silje Østerbø	100% fast stilling til og med 3. september då ho gjekk over i ny jobb som rådgjevar i Klimaetaten i Bergen kommune. Silje har jobba med <i>Ta vare på det du har</i> og med <i>Energismart</i> -prosjektet på regionalt, nasjonalt og EU-nivå saman med Naturvernforbundet sentralt.
Prosjektansvarleg <i>Energismart og Ta vare på det du har</i>	Lena Teigland	100% fast stilling frå og med 8. desember.
Rådgjevar og prosjektansvarleg <i>Energismart</i>	Rasmus Laupsa Rasmussen	Jobbar med <i>Energismart</i> , <i>Plastjakten</i> , oppfølging av lokallag og ulike politiske saker. Var i foreldrepermisjon til og med 22. januar.
Prosjektleiar <i>Plastjakten</i> og frivilligkoordinator	Mona Maria Løberg	Jobbar også med inkludering og design av medlemsbladet NaturVest og anna materiell. Er med i nasjonal arbeidsgruppe som jobbar med Naturvernforbundet 2030. Gjekk ut i foreldrepermisjon 22. november.
Prosjektleiar <i>Bevaring gjennom skjøtsel</i>	Jeanette Tennebekk	Jobbar også med filmprosjekt om granrydding og det nasjonale samarbeidsprosjektet <i>Kulturbetinget naturmangfold</i> . Bidreg også i Naturmangfaldsgruppa.
Vikar 100% til og med 22.1.2021.	Ina Marie Christiansen	Vikar for Rasmus.
Vikar 100% frå og med 18.10.2021.	Ingvild Kristine Sundal Joys	Vikar for Mona. Jobbar i hovudsak med <i>Plastjakten</i> og administrasjon.
Praksisstudent biologi	Charlotte Solheim	Praksisstudent frå Institutt for Biologi (UiB) våren 2021. Jobba i hovudsak med <i>Plastjakten</i> og <i>Bevaring gjennom skjøtsel</i> .
Praksisstudent biologi	Annichen Prebensen	Praksisstudent frå Institutt for Biologi (UiB) våren 2021. Jobba i hovudsak med <i>Plastjakten</i> og <i>Bevaring gjennom skjøtsel</i> .

Våre prioriterte saker i 2021

Arbeidet vårt for å ta vare på naturen, klimaet og arts mangfoldet har i hovudsak blitt gjort gjennom:

- **Styret**
- **Naturmangfaldsgruppa**
- **Klima- og transportgruppa**
- **FNF Hordaland**
- **Prosjektet *Plastjakten***
- **Prosjektet *Bevaring gjennom skjøtsel***
- **Prosjektet *Ta vare på det du har***
- **Prosjektet *Energismart***



Naturmangfaldsgruppa

Gruppeleiar: Harald Simonsen

I 2021 har gruppa brukt mykje tid på *Strategi for blågrøne strukturar* i Bergen kommune. I denne samanhengen ynskte Byrådet eit konkret samarbeid med Naturvernforbundet. I brevet vårt «Forslag til tiltak i Bergen kommune i FN sitt tiår for naturrestaurering» er det lista opp forslag til tiltak der me kan bidra med vår

kompetanse, der tiltak som det er realistisk å samarbeida om/gje innspel til, er prioritert. Dette arbeidet er sett opp mot tiltaka for å nå måla frå vår eigen «Visjon for Bergen 2030».

Hausten 2021 blei det oppretta ei innspelsgruppe med personar både internt i kommunen og eksternt som skal gje innspel til kunnskapsgrunnlaget. Frå Naturvernforbundet var ynsket særleg kompetanse knytt til naturmangfald og biologisk mangfald. Oddvar Skre representerer Naturvernforbundet og Gunvar Mikkelsen FNF Hordaland (der han er koordinator) i innspelsgruppa. Kunnskapsgrunnlaget skal etter planen vera klart i løpet av våren 2022.

Naturvernforbundet og andre organisasjonar blei invitert til paneldebatt om strategi for blågrøn infrastruktur i Bergen fredag 3.12.21. Paneldebatten skulle danna utgangspunktet for vidare arbeid i kommunen si interne ressursgruppe, og var beden om å koma med innspel/spørsmål på følgjande område:

- Kva er det viktigaste som Bergen kommune satser på fram mot 2035? (Nemn tre tema/satsingar)
- Kva er dei lågthengande fruktene?
- Korleis skal me planleggja for framtida?
- Kva trendar ynskjer me velkomne? (Ev. kva trendar bør me sjå bort ifrå?)

- Korleis vil me at framtida skal sjå ut?
- Korleis kan me samarbeida for å nå felles mål?
- Kva rolle har dei ulike aktørane? Kva er din rolle? Kva er kommunen sin?

Naturmangfaldsgruppa har brukt tid på å drøfta desse spørsmåla og å koma med forslag. Harald heldt innlegget frå Naturvernforbundet og Gunvar frå FNF.

Naturvernforbundet opplever ofte at kommunen si arealplanlegging kjem i konflikt med å ivareta Bergen sine grønne lungar og friluftsansett. Blant saker som har vore i media i 2021 er planane om utbygging av grønt- og naturområder i Steinsvik i Fana, Tennebekk i Laksevåg og Helgeplassen i Fyllingsdalen. Det er ikkje sjølve formålet med desse planforslaga som er problemet, men at dei grip inn i høgt verdsette grønne lungar blant folk i nærmiljøet.

Naturmangfaldsgruppa og lokale arbeidsgrupper arbeider for kommunalt vern av dei sentrale deler av Kanadaskogen. Heldigvis er både utbyggingsplanane i Tennebekk og på Helgeplassen førebels stoppa. For Tennebekk er kravet no varig vern som ein del av Kanadaskogen. Folkeleg motstand leia av dyktige aksjonskomitear og borettslag klarte å stoppa desse planane. Naturvernforbundet og FNF har aktivt støtta denne motstanden og vil halda fram med støtta til områda er varig verna. Helgeplassen borettslag i Fyllingsdalen har fått gjennomført ei naturfagleg vurdering av nærmiljøet i borettslaget.

Naturmangfaldsgruppa har hatt 9 møter i 2021, 4 av desse på digital plattform. På møta har det vore 5-10 deltakarar. Ein del medlemmer i gruppa blei passivisert i løpet av 2021 mellom anna pga. smittevernreglar og reduserte moglegheiter for fysiske møte.

Naturmangfaldsgruppa samarbeider med Klima- og transportgruppa i ein del saker som t.d. Hordfast-saka, Ringveg Aust, Kolltveit-Ågotnes, grøn industri i Nordhordland og bybanen til Åsane, og med Vassdragsvernrådet i forbundet sentralt om vassdragssaker og energipolitikk.

Naturmangfaldsgruppa har brukt tid på å greia ut korleis kommunar kan laga naturmangfaldsplanar og tips til kva planane evt. bør innehalda. I denne samanhengen har dei drøfta omgrepa «arealrekneskap» og «arealpositivitet» og kva dette innber for kommuneneplanane.

Bergen har på tampen av 2021 utarbeidd ei digital kartløyse for kartlegging av viktige naturverdiar i Bergen. Her har fleire medlemmer i naturmangfaldsgruppa - blant andre Helene og Oddvar - bidrege med innspel om viktig natur, naturområder og artsfunn i Bergen.

Av saker gruppa har jobba med elles, må særleg nemnast:

- Store Lungegårdsvann og Møllendalselven; arbeid med å etablere venneforening for velforeiningar, borettslag, skular og miljøorganisasjonar.
- Reguleringsplanen for Dokken.
- Restaurering av Munkedammen ved Eikelundtjern; her arbeider me framleis med mål om å få møter med miljøbyråden, fylkeskonservatoren og dei politiske partia i bystyret for å starta opp restaureringsarbeidet.
- Skogsbilvegane og skogplan for Bergen.
- Bønesholmen og plan for Nordåsvatnet; her blei forslag om bru til Bønesholmen trekt frå Byrådet.

- Steinsvikkroken og Steinsvikvassdraget (NVH/Oddvar/Bergen Elveforum med høringsuttalelse) – her arbeider me for å få stoppa planane om utbygging.
- Høringsuttale til søknad om parkeringhus på Liland (Oddvar).
- Ny postterminal ved Storrinden/Kokstad (NVH/Oddvar med høringsuttale).
- Mindemyren Nord inkl. Solheimsvatnet (FNF med høringsuttale).
- Høringsuttale til søknad frå Fana Stein og Gjenvinning om utvida deponi i Stendafjellet (mai 2021).
- Forureining av Ådlandsbekken (samarbeid med Bergen Elveforum og Miljøvernforbundet om politimelding).
- Naturlig onsdag 21. april 2021 på Zoom om naturrestaurering i Bergen i samband med FN's tiår for naturrestaurering 2020-30. Synnøve Kvamme var ordstyrar.



På forsommaren deltok fleire frå Naturmangfaldsgruppa på omvisning i Tennebekk. Her har me stoppa ved eit kulturminne. På biletet ser me frå venstre: Arild Helle, aksjonskomitén: Nei til gravplass og krematorium i Tennebekk, Helene Vacarisas, Naturmangfaldsgruppa, Birthe-Lisbeth Ludvigsen, styreleiar i Kanadaskogens venner, Oddvar Skre, Naturmangfaldsgruppa, John Kristian Skage, aksjonskomitén, Helge Sætre, aksjonskomitén, Knut Espelid, nestleiar økonomi i Naturvernforbundet Hordaland og Harald Simonsen, leiar i Naturmangfaldsgruppa.

Klima- og transportgruppa

Gruppeleiar: William Helland-Hansen


Gruppemøter:

Klima- og transportgruppa har halde åtte møter i 2021. Alle har vore på Zoom, og det har typisk vore 7-12 deltakarar på møta. I møta diskuterer gruppa pågåande saker, førebur aksjonar og tek opp aktuelle klima- og transporttema. Gruppa har gjennomført eit fast opplegg med innleiingar og deretter diskusjon. Døme på tema dei har teke opp er klimameldinga, samfunnsnytta ved store vegprosjekt, prioriteringsmatrise for klima og enøktiltak, kva netyl netto nullutslepp, havvind, KAF-innspel til regjeringsforhandlingane, EU-taksonomi, atomkraft, og stramprisar og miljø.

William har leia møta og Anne Gilde har vore referent.

Andre møter:

- Gruppa var medarrangør av det digitale medlemsmøtet «Kan ny industri i Nordhordland bli grønn?» 14. januar. Innleiarar: Kristin Melander (Statnett), Baste Tveito (Nordhordland Næringslag/Greenspot Mongstad), Jan Nordø (leiar Naturvernforbundet Nordhordland).
- Gruppa har arrangert digitalt temamøte om luftfart 29. april: «Kan el-flyet redde luftfarten – eller må vi rett og slett fly mindre?» Innleiarar: Helge Eidsnes og Olav Mosvold Larsen (Avinor), Carlo Aall (Vestlandsforskning), Eric Lithun (Elfly), Holger Schlaupitz (Naturvernforbundet). Deltakarar: 32



- Gruppa har delteke i digitalt møte med Naturmangfaldsgruppa for å gje innspel i arbeidet for å ta vare på Eidsvika på Askøy og motarbeida cruisehamnplanane.
- Gruppa har vore delaktig i planlegging og gjennomføring av valdebattar i forkant av Stortingsvalet 19. august og 2. september.

Demonstrasjonar:

Bybanemarsjen 4. september.

I strålende haustvêr gjekk hundrevis i tog for bybanen til Åsane.

Me hadde appellar frå Sp, Raudt, Venstre, Høgre, SV, MDG, Ap, KrF, Syklistenes Landsforening, og frå Gabriel og Tom frå NVH og Ada frå NU.



Gamle Rådhus: Bybanedebatten i Utvalg for miljø og byutvikling 11. november

Verftet: Bybanedebatten i Bystyret 24. november

Medieinnlegg med bidrag frå Klima- og transportgruppa:

- Ringveg aust: <https://www.bt.no/btmeneringer/debatt/i/5Gey01/liten-troest-av-ringveg-oest>
- KAF: <https://www.nationen.no/motkultur/kronikk/klimatiltakene-ma-vaere-rettferdige-men-ogsaa-effektive/>
- E39 Hylkje: <https://www.bt.no/btmeneringer/debatt/i/56W8Lm/hareide-truer-bergen-er-miljoetunnel-ved-hylkje-svaret>
- Myr Hordfast: <https://www.bt.no/nyheter/lokalt/i/eKq3Ey/ifoelge-klimaregnskapet-for-hordfast-er-myren-12-meter-dyp-naturverne>
- Kraft Nordhordland 17.4.2021: <https://www.bt.no/btmeneringer/debatt/i/OQObo3/hvem-skall-faa-kraft-i-nordhordland>
- Cruise 30.05.21 <https://www.bt.no/btmeneringer/debatt/i/mR2eG4/en-respektloesholdning-til-lokale-beslutninger>



- Vegar og øydeleggingar: <https://fagpressenyt.no/artikkel/rekord-i-veier-og-%C3%B8deleggelser>

I tillegg har fleire av medlemmane i Klima- og transportgruppa det siste året skrive debattinnlegg (i tillegg til dei som er lista opp over) eller blitt omtala/intervjua i samband med aktuelle klima- og transporttema (Gabriel Fliflet, Jan Chr. Rivenæs, Erling Moxnes, Hallvard Birkeland, William Helland-Hansen m.fl.).

Høyringsinnspel i regi av eller med bidrag frå Klima- og transportgruppa:

- Kommunedelplan for Klima-, energi- og miljø for Bjørnafjorden kommune
- Vestland fylkeskommune sitt Planprogram – Regional plan for klima 2022-2035
- Regional transportplan Vestland 2022–2033
- Bybanen til Åsane i tunnel eller daglinje forbi Griggastemma
- Statnett si konseptvalutgreiing (KVU) for Bergen og omland
- Kommunedelplan E16/E39 Arna-Vågsbotn-Klauvaneset (Ringveg aust)

Viktige saker:

- *Hordfast*: gruppa har målt myrddjupn på Tysnes og Reksteren, drive lobbyverksemd mot politikarar, hatt avisinnlegg m.m.
- *Kraft i Nordhordland*: Gruppa har vore med å arrangera debattmøte (14.1.2021), skrive notat¹ og avisinnlegg om kraftsituasjonen i Nordhordland.
- *Bybanen*: Gruppa har vore aktiv i å påverka for å få bybanen til Åsane (og over Bryggen).
- *Cruise*: Gruppa har samarbeidd med Naturmangfaldsgruppa og Naturvernforbundet på Askøy i arbeidet mot cruisehamnplanane i Eidsvika (Kildn).

Prosjekt: Plastjakten

Prosjektansvarleg: Mona Maria Løberg og Ingvild Kristine Sundal Joys

Prosjektet sitt hovudmål er å førebygge plastforsøpling og redusera unødvendig plastforbruk. Dette gjer me gjennom kampanjar, kunnskapsdeling, politisk påverknad og ryddeaksjonar med frivillige. Ryddeaksjonar er effektivt som haldningsskapande arbeid då deltakarane får sjå meg eigne auge mengda plastavfall i naturen. Me håpar aksjonane kan vera ein døroppnar inn i Naturvernforbundet og vidare miljøarrangement. I 2021 hadde me over 10 ryddeaksjonar og over 300 frivillige har delteke, alt frå småbarn til folk over 80 år. Aksjonane har vore i samarbeid med fleire andre organisasjonar og lokallag.

Me har også starta kampanjen Rein-Studietid med studentar som målgruppe, der håpar me å spreia gode haldningar, auka engasjement og kunnskap om kva me alle kan gjera for ein rein natur. Me har delteke inn i samarbeidsprosjektet "Plastpatruljen" kor me oppmoda båtfolket til å vera med å rydda opp plast.

¹ <https://naturvernforbundet.no/hordaland/hordaland/nyheter/kraftforsyning-og-kraftforbruk-i-nordhordland-article41681-1485.html>

Føredraget «En reise inn i Plastjakten» som Martin Skadal har halde på vegne av Naturvernforbundet Hordaland har blitt tilbydd på vidaregåande- og folkehøgskular. Tematikken har vore forsøpling, med Martin si personlege historie og hans veg inn i naturvern og engasjement som ein raud tråd. Me har fått gode tilbakemeldingar på at sidan føredraget vert halde av ein såpass ung person, er det lettare for elevane å relatera seg, og at det blir mindre "fagleg og kjedeleg". Det har blitt halde 13 føredrag, for til saman 520 elevar fordelt på 8 skular.

Me har hatt møte med politisk og administrativ leiing i Bjørnafjorden og Alver kommunar, og fått på plass spørsmål i politiske organ i Bergen og Askøy kommunar. Eit resultat av det politiske arbeidet er at Bergen kommune har stadfesta at dei skal implementere veiledningsheftet om plast og giftfrie barnehagar i alle barnehagane sine. Me har spelt inn til dei kommunane me har hatt møte med at me ynskjer å tilby veiledningsheftet til barnehagane deira. Utdeling av heftet «Plast og giftfrie barnehager» vil skje i oppfølginga av dette arbeidet utover i 2022. Støttespelarar i prosjektet i 2022: Bergen kommune, Handelens Miljøfond og Naturvernforbundet sentralt.

Prosjekt: Bevaring gjennom skjøtsel

Prosjektansvarleg: Jeanette Tennebekk

I Bevaring gjennom skjøtsel 2021 var målet å mobilisere til handlinger og konkrete tiltak som ivaretar naturmangfold i truede naturtyper og legge til rette for ville pollinerende insekter. Dette gjorde vi gjennom tre hovedsatsninger; restaurering av truede naturtyper ved å rydde fremmede og invaderende treslag, for eksempel i kystlynghei (EN), etablering og skjøtsel av blomstereng og urban dyrking i en parsell som er et eksempel på en naturvennlig hage. En viktig del av arbeidet rundt hovedsatsningene er å informere om naturen og naturtypene, samt hvordan folk flest kan tilrettelegge for pollinerende insekter.

Naturvernforbundet Hordaland sin rolle er å mobilisere flere frivillige til å delta på aktiviteter som bidrar til å ta vare på våre naturområder og hjemlige arter. Gjennom aktivitetene ønsker vi å øke flere personers bevissthet for hvor viktig det er å ta vare på naturen, og spesielt truede naturtyper og insekter som er ferd med å forsvinne. Ikke minst vil vi at aktivitetene skal være åpne og ha en god, trygg og inkluderende kultur.

I 2021 gjennomførte vi:

- 1 fremmedartsdugnad på i en kulturbeitemark på Hella på Radøy i Alver, i samarbeid med Naturvernforbundet Nordhordland.
- 3 fremmedartsdugnader på Rapeneset på Radøy i Alver, i samarbeid med Naturvernforbundet Nordhordland.
- Bidro til mobilisering av frivillige til 6 dugnader for å rydde vestamerikansk hemlokk i Langeskogen i regi av Langesgården og Langeskogens venner.
- Klargjorde parsellen for dyrking. Vi tilførte plantedekke, lå på 3 tonn kompostjord, lagde dyrkingsåkere og plantekasser og blomsterbed, satt opp insektshotell og

humlekasse, lå gangvei og beplantet med pollinatorvennlige stauder og bærbusker. Dyrket bla. poteter, aspargesbønner, gulrøtter, reddiker, salat, sukkererter, mais med mer.

- 2 dyrkingskurs med Ida Kleppe i parsellhagen
- Etablerte en egen FB- gruppe for parsellantene
- Sådde inn blomsterengfrø i samarbeid med 1 barnehagegruppe, og 2 skoleklasser (2. trinn, og 9. klasse på blomsterengen på Storetveitmarken.
- Ferdigstilte og lanserte en 12 ukers informasjonskampanje, inkl. konkurranse, på sosiale medier om 12 ulike fremmede, skadelige hageplanter.
- Inviterte på kransbinding med vestamerikansk hemlokk på årets juleverksted.
- De to praktikantene publiserte hver sin artikkel i NaturVest- en med tema slåtteng, og en om kystlynghei.
- Mobiliserte flere frivillige, medlemmer og dugnadsledere gjennom aktivitetene i prosjektet.

Prosjekt: Ta vare på det du har

Prosjektansvarleg: Silje Østerbø t.o.m. august, Lena Teigland f.o.m. desember

På grunn av at koronarestriksjoner har gjort fiksearrangementer utfordrende, samt at vi fikk et opphold mellom at Silje sluttet i starten av august og at Lena begynte i desember, har vi hatt litt mindre aktivitet enn vanlig i prosjektet. Jeanette steppet inn og bidrog med gjennomføring av aktiviteter og administrering av reparasjonsgavekortet i denne perioden. I 2021 har vi bidratt til Bærekraftige Liv's Kafé Lyst, laget veiledningsfilmer for hvordan man kan reparere selv og laget et mobilt verksted/makerspace.

Prosjekt: Energismart

Prosjektansvarleg: Silje Østerbø t.o.m. august, Rasmus Laupsa Rasmussen f.o.m. september

I Energismart har vi i hovedsak jobbet med det internasjonale EU-samarbeidsprosjektet HACKS. I 2021 ble NVH og Naturvernforbundet sentralt enige om at NVH overtar prosjektet fra 2022. Også i dette prosjektet har aktivitetsnivået vært litt lavere enn ellers på grunn av manglende kapasitet i overgangen fra at Silje sluttet til Lena ble ansatt. Prosjektet er i en omstillingsfase, og det trengs å gjøres et strategisk utviklingsarbeid som vi vil ta fatt på i 2022 når vi har fått opp igjen kapasiteten på kontoret.